



Møteprotokoll

Utval: **Folgefonna nasjonalparkstyre**

Møtestad: 1199 Velkomstsenteret

Dato: 25.05.2022

Tidspunkt: 09:30 - 12:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Sigrid Brattabø Handegard	Medlem	Vestland fylkeskommune
Jarle Vangen	Medlem	Ullensvang kommune
Mette Heidi Bergsvåg	Medlem	Etne kommune
Eikreim		

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Hilde Enstad	Medlem	Kvinnherad kommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Leif Sverre Enes	Hilde Enstad	Kvinnherad kommune

Andre frammøtte:

Navn	
Astrid Bakke Haavik	nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Sigrid Brattabø Handegard

Jarle Vangen

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 15/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 16/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 17/22	Framlegg - Søknad om utskifting av stikkrøy i Bondhusdalen Landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre	2022/6712	
ST 18/22	Framlegg - Setje ut eit mellombels toalett i Bondhusdalen landskapsvernområde - Kvinnherad kommune - Folgefonna nasjonalparkstyre	2022/7281	
ST 19/22	Framlegg - Innsamling av vatn og sediment til vitenskapelige undersøkingar i Buer landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre	2022/7067	
ST 20/22	Framlegg - Droneflyging i Folgefonna nasjonalpark i samband med naturdokumentar - Wild Scandinavia - BBC - Folgefonna nasjonalparkstyre	2022/7050	
ST 21/22	Referatsaker		
RS 1/22	Takker nei - Invitasjon - Hattebergdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalpark	2022/107	
RS 2/22	SNO-ressurs 2022 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2022	2022/107	
RS 3/22	Vurdering av ny søknad - Folgefonna nasjonalpark - nydyrkning - Kvinnherad - 87/12 - Hattebergsdalen	2020/12839	
RS 4/22	Søknad - Folgefonna nasjonalpark - Bondhusdalen - motorferdsel - bil - bryllupsbilder - Erlend Gjestemoen	2022/6628	
RS 5/22	Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven § 73 fjerde ledd til statsforvalteren og verneområdestyrene	2022/107	
RS 6/22	Folgefonna National Park - Invitation interreg Europe - Smart Participatory Digitization of Natural Heritage for Environmental Preservation and Pollution Reduction in Rural Areas	2022/107	
ST 22/22	Delegerte saker		
DS 11/22	DElegert vedtak - Helikoptertransport - transport av proviant og vidlikehaldsmateriell til Lono - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre	2022/4308	
DS 12/22	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - søknad - motorferdsel - snøskuter - Verafjell - Vetlenuten - Revavatnet - hytte - Holmavatnet - 3 turar	2022/4181	
DS 13/22	Partsbrev - Løyve til tiltak - Søknad om midler til tiltak - Vedlikehald av grusveg Bondhus - Bondhusvatnet - Folgefonna nasjonalparkstyre	2021/4614	

DS 14/22	Delegert vedtak - helikopterløyve - proviantere - Saubrehytta - Folgefonna nasjonalpark	2022/6386
DS 15/22	Søknad om løyve til å fly med drone i Folgefonna nasjonalpark - tilsyn med sau - Folgefonna nasjonalparkstyre	2022/5615

ST 15/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 25.05.2022

Behandling

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart samråystes godkjent.

ST 16/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 25.05.2022

Behandling

Vedtak

Protokollen vert digitalt godkjent av styreleiar og medlem Jarle Vangen.

ST 17/22 Framlegg - Søknad om utskifting av stikkrøyr i Bondhusdalen Landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 25.05.2022

Behandling

Vedtak

Bondhus grunneigarlag får løyve til å bytte stikkrenne som dei har søkt om i Bondhusdalen landskapsvernområde. Løyvet er gitt med heimel i forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde § 3 1.3.

Løyvet vert gitt med desse vilkåra:

- Grøfting vert gjort på ein skånsam måte og overskotsmassar vert planert og plassert slik at vegkantane fort kan gro igjen.

Dette løyvet er ei utviding av løyvet gitt 8. februar 2022.

ST 18/22 Framlegg - Setje ut eit mellombels toalett i Bondhusdalen landskapsvernområde - Kvinnherad kommune - Folgefonna nasjonalparkstyre

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 25.05.2022

Behandling

Nasjonalparkstyret ønskjer ein eins utforming og kvalitet på toalett som vert brukt på innfallsportane og i verneområda. Styret oppmodar Kvinnherad kommune om å hente inn erfaringar frå pilotprosjekt med portable vakumtoalett som var på Buer i 2019.

Vedtak

Kvinnherad kommune får løyve til å setje opp eit mobilt toalett i Bondhusdalen landskapsvernområde. Det vert også gitt løyve til å setje opp skilt som informerer om drikkevatn og reglar om telting. Løyvet er gitt med heimel i Bondhusdalen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48.

Plassering:

- I området ved stiskiljet mellom Gardshammarvegen og Isvegen.
- Toalettet må plasserast så det ikkje hindrar framkomst med landbruksmaskinar.
- Det kan lagast ein mellombels planering for å lette plasseringa.
- Løyvet gjeld for tidsrommet 01.06.2022 – 31.12. 2025.
- Skilt kan plasserast på høveleg plass med mellombels innfesting ved utløpet av Brufosselva og langs Isvegen der det er naudsynt.
- Løyve frå grunneigar må også hentast inn.

ST 19/22 Framlegg - Innsamling av vatn og sediment til vitenskapelige undersøkingar i Buer landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 25.05.2022

Behandling

Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev UiT løyve til å ta ut sedimentprøver til vitskaplege undersøkingar i Buer landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark. Løyvet er gitt med heimel i forskrift om vern av Buer landskapsvernområde, forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Det er løyve til å hente ut inn til 1 kg sedimentprøver og vassprøver.
- Løyvet gjeld i perioden 1. juli – 30. juli 2022
- Resultat frå undersøkingane skal gjerast offentleg tilgjengeleg og sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre ved forvaltar.

ST 20/22 Framlegg - Droneflyging i Folgefonna nasjonalpark i samband med naturdokumentar - Wild Scandinavia - BBC - Folgefonna nasjonalparkstyre

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 25.05.2022

Behandling

Vedtak

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48 gjev Folgefonna nasjonalparkstyre løyve til bruk av drone til å filme i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld perioden 11. – 17. juni 2022.
- Løyvet gjeld for inn til to timars flyging til saman på dei tre lokalitetane Juklavassbreen, Buerdalen og Møsevatnet (sjå kart).
- Dronepilot må gjere seg kjent med vernereglane
- Filminga skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar.
- Ved publisering av filmmaterialer må det komme klart fram at søker har fått løyve til å filme frå Folgefonna nasjonalparkstyre.
- Ved bruk av film-materialer må det kome klart fram kva som er nasjonalparken sine verneverdiar
- Løyvet gjeld kun for bruk av film-materialer i samband med Tv-programmet «Wild Scandinavia». For bruk av film-materialer ut over dette må det sendast separat søknad til nasjonalparkstyret.
- Om rovfugl eller ramm vert observert ved fyking skal ein straks sette drona på bakken
- Rapport over utført fyking skal sendast til folgefonna@statsforvalteren.no med referanse 2022/7050

ST 21/22 Referatsaker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 25.05.2022

Behandling

Vedtak

RS 1/22 Sjå sak RS 3/22 Vurdering av søknad om nydyrkning i Hattebergsdalen.

RS 2/22 Oversikten over SNO-ressurs for 2022 er teke til vitande.

RS 3/22

Handsaming i møte

Leiar viser til brev frå KMD med avslag på invitasjon om synfaring, der det opnast for å kunne vurdere saka på nytt om det kjem til ny informasjon. Forvaltar informerer om at Statsforvaltaren og Miljødirektoratet har avtalt synfaring med Kvinnherad kommune 13. september og at styret då vil verte inviterte.

Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre vurderer at det er komme tilstrekkeleg ny kunnskap i saka om nydyrkning i Hattebergsdalen til at ho kan takast opp på nytt. Grunnlaget for vurderinga er basert på tre hovudpunkt:

- Det er tvil om grunnlaget for å vurdere kva som har vore dyrka tidlegare er rett vurdert
- Søkjar opplyser om bruk av beitedyr som kan gagna kulturlandskapet
- Det er opplyst om ei vesentleg avkorta anleggstid

RS 6/22

Forvaltar sender invitasjon til Miljødirektoratet som kan vurdere om dette er noko som er aktuelt for styret.

Resten av referatsakene vart teke til vitande,

ST 22/22 Delegerte saker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 25.05.2022

Behandling

Vedtak

Delegerte vedtak vert teke til vitande.

